

Møteinkalling

Utval: Nærøyfjorden verneområdestyre

Møtestad: Nærøyfjorden og Stigen

Dato: 04.09.2017 - 05.09.2017

Tidspunkt: 09:30, 04.09 – 14:30, 05.09.2017

Eventuelt forfall må meldast snarast på tlf. 99499753 eller e-post
fmsfano@fylkesmannen.no. Vararepresentantar møter etter nærmere beskjed.

Sigbjørn Hauge møter som vararepresentant for Bjørg Djukastein.

Møtet vert gjennomført som eit to-dagars møte. Hovudtema på møtet er besøksstrategi for verneområda i Nærøyfjordområdet.

Reiserute og program

4. september:

09:30: Båt frå Gudvangen og Aurland til Dyrdal

10:15: Rundtur i kulturlandskap i Dyrdal, kaien i Dyrdal – Skogane – Salthella – kaien

13:20: Båt frå Dyrdal til Stigakaien

15:00 – 17:00: Møte etter sakliste på Stigen.

19:00: Middag på Stigen.

5. september:

08:00: Frukost

08:30: Orientering om drifta på Stigen

09:00: Møte etter sakliste. Tur til Fristølen

13:00: Retur frå Stigen

14:00: Båt frå Stigen til Undredal og Aurland

Dagsorden for møte og program kan verta endre undervegs.

Saksliste

Utvals-saksnr	Innhald	Lukka	Arkiv-saksnr
ST 30/17	Godkjenning av innkalling og dagsorden		
ST 31/17	Val av eit styremedlem til å skrive under protokoll		
ST 32/17	Referatsaker		
RS 12/17	Nærøyfjorden landskapsvernombord - Rapport for landing med helikopter i samband med dugnadsarbeid på Grindaflethytta		2017/1274
RS 13/17	Aurland kommune - mindre endring av reguleringsplan for Dyrdal - område PK6		2017/2625
RS 14/17	Fristølen - foreløpig rapport av vedlikehaldsarbeid		2016/3005
RS 15/17	Statens vegvesen - høyring om endring av løyve for flaumsikring av fv 601 Langhuso - Undredal		2017/82
RS 16/17	Nærøyfjorden landskapsvernombord - uttale til plan for nydyrkning - gnr. 49/4 - Haugen gard i Aurland kommune		2017/2877
RS 17/17	Referat frå møte om besøksstrategi for verneområde i Nærøyfjordområdet 19. juni 2017		2013/3025
RS 18/17	Nærøyfjorden landskapsvernombord - camping på Stokko og i nærliken av andre slåttemarkar i verdsarvområdet		2017/2807
RS 19/17	Innkalling til møte i Verdsarvrådet for Vestnorsk fjordlandskap 29.08.2017		2013/3387
ST 33/17	Delegerte saker		
DS 11/17	Nærøyfjorden landskapsvernombord - løyve til landing med helikopter på Øvste Stigen		2015/3832
DS 12/17	Nærøyfjorden landskapsvernombord - utvida løyve til helikoptertransport i samband med jordskiftesak		2017/2096
DS 13/17	Nærøyfjorden landskapsvernombord - dispensasjon til inngjerding av salteplassar for å hindre spreiing av skrantesjuke (CWD).		2017/2597
DS 14/17	Nærøyfjorden landskapsvernombord - uttak av torv til torvtak på Skogastova		2017/5
ST 34/17	Nærøyfjorden landskapsvernombord - bygging av badestamp på Øvste Stigen		2017/2727

ST 30/17 Godkjenning av innkalling og dagsorden

ST 31/17 Val av eit styremedlem til å skrive under protokoll

ST 32/17 Referatsaker

RS 12/17 Nærøyfjorden landskapsvernområde - Rapport for landing med helikopter i samband med dugnadsarbeid på Grindaflethytta

RS 13/17 Aurland kommune - mindre endring av reguleringsplan for Dyrdal - område PK6

RS 14/17 Fristølen - foreløpig rapport av vedlikehaldsarbeid

RS 15/17 Statens vegvesen - høyring om endring av løyve for flaumsikring av fv 601 Langhuso - Undredal

RS 16/17 Nærøyfjorden landskapsvernområde - uttale til plan for nydyrkning - gnr. 49/4 - Haugen gard i Aurland kommune

RS 17/17 Referat frå møte om besøksstrategi for verneområde i Nærøyfjordområdet 19. juni 2017

RS 18/17 Nærøyfjorden landskapsvernområde - camping på Stokko og i nærleiken av andre slåttemarkar i verdsarvområdet

RS 19/17 Innkalling til møte i Verdsarvrådet for Vestnorsk fjordlandskap 29.08.2017

ST 33/17 Delegerte saker

DS 11/17 Nærøyfjorden landskapsvernområde - løyve til landing med helikopter på Øvste Stigen

DS 12/17 Nærøyfjorden landskapsvernområde - utvida løyve til helikoptertransport i samband med jordskiftesak

DS 13/17 Nærøyfjorden landskapsvernområde - dispensasjon til inngjerding av salteplassar for å hindre spreiling av skrantesjuke (CWD).

DS 14/17 Nærøyfjorden landskapsvernområde - uttak av torv til torvtak på Skogastova



Arkivsaksnr: 2017/2727-0

Saksbehandler: Anbjørg Nornes

Dato: 15.08.2017

Utval	Utvalssak	Møtedato
Nærøyfjorden verneområdestyre	34/17	04.09.2017

Nærøyfjorden landskapsvernombord - bygging av badestamp på Øvste Stigen

Innstilling frå forvaltar

Nærøyfjorden verneområdestyre gjev Irene og Ottar Stegen løyve til å bygge badestamp på tunet på Øvste Stigen på gnr. 53 bnr. 1. Løyvet er gjeve med heimel i verneforskrifta for Nærøyfjorden landskapsvernombord og naturmangfaldlova § 48 første ledd og første alternativ.

Løyvet gjeld med følgjande vilkår:

- Badestampen skal vera graven ned i bakken. 75 cm av badestampen kan vera over bakken. Denne delen skal vera kledd med tremateriale. Badestampen er 2,18 meter i diameter.
- Badestampen skal vera stengd med eit topplok når den ikkje er i bruk.
- Dersom badestampen ikkje lenger er i bruk skal den fjernast, og terrenget skal tilbakeførast til slik området var før stampen vart bygd.

Søkjar må ta kontakt med Aurland kommune for å avklare om det må søkjast om løyve etter anna lovverk i kommunen.

Saksopplysningar

Dokument som bakgrunn for saka:

- Søknad frå Irene og Ottar Stegen om badestamp på Øvste Stigen, datert 22.07.2017

Saka vert vurdert etter:

- Forskrift om vern av Nærøyfjorden landskapsvernombord av 08.11.2002
- Naturmangfaldlova av 19.06.2009
- Forvaltningsplan for Vestnorsk fjordlandskap Nærøyfjorden, rapport nr. 1-2008
- Skjøtselsplan for høgdegarden Stigen i Aurlandsdalen, Aurland naturverkstad, rapport nr. 3 – 2008



Irene og Ottar Stegen er grunneigarar på Øvste Stigen. Dei sette opp ein badestamp på tunet på Øvste Stigen i juli 2016. Dei var ikkje klar over at oppføring av badestamp var søknadspliktig etter verneforskrifta for landskapsvernombordet. Dei søker difor i etterkant om å få ha badestampen ståande. Badestampen er gravd ned i bakken. 75 cm. av stampen er over bakken. Denne delen er kledd med tremateriale. Badestampen er 2,18 meter i diameter. Det er topplok i metall på stampen.

Dei opplyser at det ikkje er dusj i huset på Stigen. Badestampen har gitt dei stor glede og trivnad, og dei håpar stampen kan verta ståande.



Badestamp på Øvste Stigen. Kopi av foto i søknaden.

Lovgrunnlaget

«Føremålet med Nærøyfjorden landskapsvernombordet er å ta vare på eit vakkert og eigenarta natur- og kulturlandskap frå fjord til fjell i eit storfelt isbreutforma landskap med eit mangfold av plante- og dyreliv og der eit kulturlandskap med slåtteteigar, beiteområde, stølsområde, gardsbruk og kulturminne, skapt gjennom aktiv landbruks-drift, utgjer ein vesentleg del av landskapets karakter»jf. verneforskrifta § 2. Området er verna mot alle inngrep eller tiltak som kan endre eller verke inn på landskapets art eller karakter. Forvalningsstyresmakta kan gje løyve til «Oppføring av nybygg i samband med landbruk, turlagsverksemd og oppsyn»jf. verneforskrifta § 3 punkt 1.3 b). Bygging av badestamp kjem ikkje inn under desse reglane. Forvaltinga kan i særskilte høve vurdera om det er heimel til tiltak etter naturmangfaldlova § 48 fyrste ledd og fyrste alternativ som seier at «Forvalningsmyndigheten kan gjøre unntak frå et vernevedtak dersom det ikkje strider mot vernevedtakets formål og ikkje kan påvirke verneverdiene nevneverdig».



Etter naturmangfaldlova (nml) § 7 skal prinsippa i §§ 8 – 12 leggjast til grunn ved utøving av offentleg mynde, og det skal koma fram av vedtaket korleis prinsippa er vurderte og vektlagt i saka.

Vurdering

Øvste Stigen ligg innanfor Nærøyfjorden landskapsvernombordet, og er den eine av to høgdegardar på Stigen. Garden ligg på ca. 350 moh. På Øvste Stigen har eigarane gjennomført godt arbeid med restaurering av fleire av bygningane på garden. Eigarane på begge brukar på Stigen gjer ein stor innsats med slått og rydding for å ta vare på kulturlandskapet. Eigarane på Nedste Stigen har sauver som beitar på begge gardsbruka. Stigen er i dag eit område med godt ivaretak av kulturlandskap. Ivaretaking av kulturlandskap med bygningar er ein del av verneføremålet. Tiltak i verneområdet kan ikkje vera i strid med verneføremålet eller påverka verneverdiane nemneverdig for at det kan gjevast dispensasjon til tiltaket etter naturmangfaldlova § 48. Forvaltninga må vurdera om begge vilkåra er oppfylt for å kunne gje dispensasjon til tiltaket.

Kunnskapen om området er henta frå forvaltningsplan og erfaring med skjøtsel og bruk av området. Så langt me kjenner til er det ingen kjente trua artar eller naturtypar (Naturbase 25.04.2017) på gardstunet på Øvste Stigen. I restaureringsplan for Vestnorsk fjordlandskap – delområde Nærøyfjorden (09.09.2014, prosjektnr. 37810) er Øvste Stigen omtalt som eit gardstun med høg grad av autentisitet. Det er gjeve verdsarvmidlar frå fylkeskommunen til restaurering av våningshus og uthus. Kunnskapsgrunnlaget jf. nml. § 8 er vurdert som godt for å vurdera denne saka, og føre-var-prinsippet jf. nml. § 9 er difor ikkje tillagt vekt. Ut frå kunnskapen me har om området, vurderer forvaltar at tiltaket ikkje vil gje nemneverdig skade på verneverdiane.

Det må vurderast kva verknad tiltaket vil få på den samla belastninga på økosystemet jf. nml. § 10. Stigen og området rundt er eit attraktivt turmål. Eit velstelt kulturlandskap med restaurerte bygningar gjev ei auka oppleveling for besøkjande til området. Bygningane på Øvste Stigen er restaurerte slik at bygningsmiljøet er godt ivaretak. Det er få område att i landskapsvernombordet med eit heilskapleg bygningsmiljø på garden. Difor er det ekstra viktig å ta vare på bygningsmiljøet, samtidig som det må kunne leggjast til rette for at område skal brukast. Irene og Ottar er ikkje fastbuande på Øvste Stigen, men brukar området mykje i sommarhalvåret, både til fritidsbruk og for skjøtsel av bygningar og landskap. Det er ikkje innlagt vatn i huset, og det er difor forståeleg at dei ynskjer betre sanitære forhold på garden. Badestampen er tenkt som eit alternativ til dusj og bad. Dette er ei løysing som gjev auka standaren på butilhøva på garden. I Nærøyfjorden landskapsvernombordet er det berre på gardane Stigen, Nedbergo og Styvi det framleis er bygningar er gardstuna. På Nedste Stigen var det badestamp på tunet før området vart verna, og på Styvi er det innlagt vatn på gardane. Det er difor lite sannsynleg at det vil koma mange tilsvarande saker. Det bør ikkje opnast opp for å bygge badestampar ved fleire andre bygningar og bygningsmiljø i området. Det vil samla sett få verknad på landskapet sitt særpreg, og vera i strid med verneføremålet. Løyve til tiltaket med badestamp på Øvste Stigen er knytt til utvida bruk av garden, og manglande sanitære forhold på garden. Badestampen gjev eit lite inngrep i landskapet, og er eit reversibelt tiltak. På denne bakgrunn er den samla belastninga av tiltaket vurdert som liten.



Nærøyfjorden verneområdestyre

Den beste plasseringa av badestampen ville vera i utkanten av tunet slik at den ikkje vart ein del av gardstunet, jf. nml. § 12. Slik den er plassert no, på eit utsiktspunkt i tunet, er den eit framandelement i tunet. Dersom stampen skal flyttast, vil det føra til nytt inngrep i landskapet. Ut frå ei samla vurdering, meiner difor forvaltar at det ikkje bør setjast krav om å flytte stampen til utkanten av tunet. Det bør setjast krav om at badestampen skal fjernast dersom den ikkje lenger er i bruk.

Tiltaket vil lite truleg føra til skade på verneverdiane, og nml. § 11 er difor ikkje vurdert i denne saka.

På bakgrunn av vurderingane etter verneforskrifta og naturmangfaldlova §§ 8 – 12, meiner forvaltar tiltaket ikkje er i strid med føremålet i verneforskrifta, og tiltaket vil i liten grad påverka verneverdiane. Med heimel i verneforskrifta og naturmangfaldlova § 48 fyrste ledd og fyrste avsnitt, tilrår forvaltar at det kan gjevast løyve til å ha badestampen ståande på Øvste Stigen.